

Viktig møte om områdeplanen

27.09.2013

**Det er eit viktig møte i Uskedal utvikling, onsdag 2. oktober. kl. 19
Det gjeld det vidare arbeid med Områdeplanen.**

Det vert no laga sak til Formannskapet om oppstart av Områdeplan Uskedalen. Kommunen eig planen og arbeidet vert lagt opp etter PLP metoden.

Det vil sei at:

- * Formannskapet er styringsgruppe
- * Kommunal prosjektgruppe
- * Lokal referansegruppe

Uskedal utvikling vil utpeika referansegruppa.

På møte på onsdag vil vi informera om PLP metoden og førebu oppstarten av referansegruppa.

Difor er det viktig at alle møter, syner interesse og vil vera med å gje gode innspel.

Referansegruppa bør ha med medlemmer frå desse fagområda:

- * Landbruk (Uskedal bondelag har alt utpeika sin representant)
- * Skule/barnehage
- * Næringsdrivande i sentrum
- * 3. sektor: Lag og organisasjonar
- * Friområde/strandsona/badestrand/elv
- * Turisme/camping

Avgrensing av planområde er eit sentralt spørsmål alt på fyrste møte.

Velkomne til møte !

Styret

NB: Styret møter kl. 18. Sakliste kjem seinare.